



Frank Rune Nesse
Festevegen 273
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2309 - 17/2201

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.01.2017

Stadfester motteke klage - gbnr 59/12

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 24.01.17.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutvalet. Møta vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Lindås kommune si heimeside (<http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>)

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det ikkje oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 06.01.17.

Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje tap for partane.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

Opplysning om at privatrettsleg avtale om rett til bruk av veg, vatn og avløp ikkje ligg føre gjer at kommunen vurderer det som nudsynt å vedta utsett iverksetting av vedtaket til klagen er ferdighandsama.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak - gbnr 59/12 Bergfjord

Kopi til:

Frank Kjelsvik Breivikstølen 23 B 5179 GODVIK

Mottakarar:

Frank Rune Nesse Festevegen 273 5912 SEIM
Seim Bygg As Nesbrekka 28 5912 SEIM